



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 6/2021

Møtedato: 24.3.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Lån til FOSA SA

FOSA er det felles fiskeanlegget som fjellstyra i Oppland har. I 1992/1993 og 2002/2003 var den økonomiske situasjonen så vanskeleg at deleigarane måtte lånet fiskeanlegg pengar for å redde bedrifta frå konkurs. Dei siste 10 åra har drifta betra seg fordi all reguleringsutsetting no blir levert ut frå anlegget. Økonomien for anlegget er bra, men det blir store utfordringar om lånet skal betalast tilbake. Dei 10 deleigarane har fått søknad frå FOSA SA om å slette gamalt lån frå 1992 og 2002, samla på kr 1.070.000. Vestre Slidre fjellstyret har lånt bor kr 80.000 i 1993 og kr 50.000 i 2002, samla kr 130.000.

Brev datert 16.1.19 søkjer FOSA om at lån blir ettergjeve.

### Fjellstyret sitt vedtak i sak 1/19

*Fjellstyret vedtek å gi driftsstøtte til FOSA avgrensa til kr 130.000 på vilkår av at dei andre fjellstyra som er andeleigarar bidreg med tilsvarande beløp. Driftsstøtte blir å rekne mot lån som fjellstyret tidlegare gjeve FOSA.*

Med bakgrunn i ulike situasjonar for tilbakebetaling mellom eigaren drøfta styret FOSA SA saka i møte den 7.mars. Styret har foreslege følgjande:

*Styret i FOSA foreslår at kr 80 000,- settes som et nullpunkt. Det vil si at alle andelshavere som har kr 80.000 - eller mer til gode, vedtar å slette kr 80.000, - i lån til FOSA. Til sammen kr 640.000. Videre at det settes opp et forslag for til plan for tilbakebetaling av beløp over kr 80.000. Til sammen kr 260 593. Tilbakebetaling av beløp over kr 80.000 gjøres fortrinnsvis i form av fisk.*

*Forslaget vil gi lik behandling av alle andelshavere bortsett fra Ringsaker jakt- og fiskeområde som ikke har gitt lån til FOSA, og Dovre fjellstyre som har fått tilbakebetalt hele lånebeløpet. De resterende åtte andelshaverne sletter et likt beløp (kr 80.000) og Vestre Slidre, Øystre Slidre, Gausdal, Torpa, Øyer og Ringebu får tilbakebetalt resterende beløp.*

### Fjellstyret sitt vedtak i sak 17/19:

*Vestre Slidre fjellstyre ettergir lånet til FOSA SA frå 1993 på kr 80.000. Lånet frå 2002 på kr 50.000 skal betalst tilbake etter nærare avtala nedbetalingsplan. Vedtaket er gjort på vilkår av at dei fjellstyra i same situasjon vedtek tilsvarande.*

Styret i FOSA bestemt å fremme følgande forslag for årsmøtet den 13.4.21:

*Styret i FOSA foreslår at kr 80 000,- settes som et nullpunkt. Det vil si at alle andelshavere som har kr 80 000,- eller mer til gode, vedtar å ettergi kr 80 000,- i lån til FOSA. Til sammen kr 640 000,-. Videre setter Daglig leder i FOSA opp en nedbetalingsplan over fem år for beløp over kr 80 000,-. Til sammen kr 260 593,-, som utbetales til andelshaverne. Nedbetalingen starter i 2020. Nedbetalingen kan skje raskere enn 5 år dersom økonomien i FOSA tillater det. For å unngå at FOSA må betale skatt av sammen som ettergis, behandles ettergivelsen pålydende kr 80 000,- fra hver av andelshaverne som andelsinnskudd. Dette endrer ikke på eierandelen, da den uansett skal være lik i et samvirkeforetak. Hver enkelt andelshaver kan kreve innbetalt andelsinnskudd tilbakebetalt ved oppløsning av selskapet.*

FOSA SA ber derfor om at Vestre Slidre fjellstyre endrar sitt tidlegare vedtaket til at lånet på kr 80.000,- blir gjort om til andelsinnskudd i FOSA SA.

Rekneskapskontoret opplyser at medlem i samvirkeforetak ikkje har ansvar for selskapet si gjeld ut over andelsinnskotet. Fjellstyret vil derfor ikkje ta på seg meir ansvar med å gjera om lånet til andelsinnskot.

### **Framlegg til vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre godkjenner at lånet på kr 80.000 til FOSA SA som fjellstyret i sak 17/2019 vedtok kunne slettast, i staden kan gjerast om til eit andelsinnskot.

### **Vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre godkjenner at lånet på kr 80.000 til FOSA SA som fjellstyret i sak 17/2019 vedtok kunne slettast, i staden kan gjerast om til eit andelsinnskot.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.3.21

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: FOSA SA